



**Naustdal-Gjengedal
verneområdestyre**

Postadresse
Naustdal-Gjengedal
verneområdestyre
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Sandane Næringshage
Sandane Senter, 3. etasje
6823 Sandane

Kontakt
Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 5764 3138

fmv/post@fylkesmannen.no
www.nasjonalparkstyre.no/Naustdal-
Gjengedal

Nordfjord Folkehøgskule
Vereide
6823 SANDANE

Sakshandsamar Alf Erik Røyrvik

Vår ref. 2019/14893-0
PRIMÆRKLASSERING

Dykkar ref.

Dato 17.07.2019

Løyve - Delegert vedtak - Naustdal-Gjengedal LVO - Teltleir ved Storevatnet - Nordfjord Folkehøgskule

Delegert vedtak frå verneområdeforvaltar

Nordfjord Folkehøgskule får løyve til å ha ein teltleir med inntil 140 overnattande ved Haugen ved Storevatnet i Gjengedalen 28. til 29. august 2019. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 pkt. 4.4. og gjeld på desse vilkåra:

- Alt avfall skal fraktast vekk etter overnattinga. Det skal ikkje ligge noko avfall att ved Haugen.
- Det må etablerast ei eller fleire felles latriner eller liknande. Avfall frå desse skal enten fraktast ut eller gravast ned.
- Eventuell bålbrekking skal avgrensast til ein eller nokre få organiserte bål plassar som vert plassert slik at det ikkje er fare for brann.
- Det skal ikkje under nokon omstende fjernast stein frå gamle tufter eller murar.

Klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Alf Erik Røyrvik
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent




Saksutgreiing

Dokument i saka:

- Søknad om telteir frå Nordfjord folkehøgskule
- Verneforskrift
- Forvaltningsplan

Søknaden

Nordfjord Folkehøgskule planlegg tur med det nye kullet som kjem til hausten. Dei ynskjer då å ha ein tur med overnatting i telt for heile skulen ved Haugen innanfor Storevatnet i Gjengedalen. Dei planlegg å overnatte der frå 23.- 24. august, og det er snakk om 140 personar.



Regelverk

Det er lite regulering av tradisjonelt friluftsliv i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Men der er nokre føresegner som regulerer organiserte aktivitetar og store grupper. Mellom anna står det noko om større telteirar i verneforskrifta § 3 pkt 4.4:

4.4. Store idrettsarrangement, større telteirar og liknande, kan ikkje skje utan løyve frå forvaltningsstyresmakta.

I forvaltningsplanen for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde er «større telteirar» definert til å vere meir enn 30 overnattingsdøgn (tal personar x tal netter) på same staden.



I Naturmangfaldlova (nml) § 7 er det krav om at alle vedtak som kan påvirke naturmiljøet skal vurderast opp mot miljørettsprinsippa i nml §§ 8-12.

Jamfør styrevedtak i sak 34/15 har verneområdestyret delegert mynde til verneområdeforvaltar i ein del saker av kurant karakter. Det løyvet som det her er søkt om er innanfor definisjonen i det vedtaket, og verneområdeforvaltaren har derfor mynde til å handsame saka på vegne av styret.

Vurdering

Forvaltninga ser på friluftsliv og anna skånsam bruk av verneområdet som positivt. Det står og i verneføremålet for Naustdal-Gjengedal at området skal kunne brukast til enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging. Føresegna i verneforskrifta § 3 pkt. 4.4 er nok ikkje der for at ein skal nekte eller avgrense bruk av området slik som det er søkt om her, men heller for at ein skal kunne legge føringar og vilkår på aktiviteten. På den måten kan ein redusere risikoen for at aktiviteten får negative følgjer for naturmiljøet, kulturminne eller for andre brukarar.

Folkehøgskulen har søkt om å ha ein større teltleir ved Haugen i Gjengedalen i siste halvdel av august. Dei vil då ha om lag 140 personar som overnattar ei natt i denne teltleiren, altså 140 teltdøgn. Folkehøgskulen er ein aktør som brukar verneområdet mykje og som er vandt med å ferdast i både verna og ikkje-verna natur med fokus på miljøvenleg ferdsel. Folkehøgskulen har overnatta i dette området før, og siste åra har det ikkje vore registrert negative verknader av det.

Telting i verneområdet er normalt ikkje noko problematisk i det heile, med ein sopass stor teltleir som 140 overnattingsdøgn er det ein del ting ein bør vere medvitne på. So mange folk samla på ein stad vert det større fare for forsøpling og slitasje. I tillegg kan det verte utfordringar knytt til toalett/latriner og kulturminne. Her er det viktig at folkehøgskulen som ansvarleg for teltleiren har ein plan for korleis ein skal handtere dette.

Avfall: Det må ikkje ligge att avfall etter teltleiren når elevane har reist frå området. Dette er både eit personleg og kollektivt ansvar for elevane og skulen. Skulen må informere og etablere rutinar for avfallshandtering og ha rutinar for å sjå over og rydde før dei siste forlet området.

Slitasje: Sidan det berre er snakk om ei overnatting er det ikkje venta at slitasje på terreng eller vegetasjon vil verte noko problem.

Toalett/Latriner: Med so mange som overnattar på same staden må det vere eit opplegg for ei eller fleire felles latriner. Avfallet herifrå må enten transporterast ut eller gravast ned. Nordfjord Folkehøgskule opplyser om at dei grev latrine som lærarane har ansvar for.

Bålbrenning: Bål set spor etter seg, og det vil alltid vere ein viss risiko knytt til bålbrenning. For å unngå for mange spor etter bål må bålbrenning avgrensast til eit mindre tal fellesbål. Desse må plasserast på trygt underlag, til dømes nede på stranda. Folkehøgskulen må vere medviten på eventuell skog- og markbrannfare.



Kulturminne: På/ved Haugen er der gamle tufter, kor berre steinmurar eller fundament står att. Dette er kulturminne og dei skal ikkje rørast. Det skal ikkje hentast stein frå tufter eller murar til bålplassar eller anna bruk.

So lenge desse momenta vert teke omsyn til so er det ikkje venta teltleiren føre til skade eller negative verknader på området og naturmiljøet. Prinsippa i nml § 10 om samla belastning og § 12 om skånsam lokalitet er oppfylt. Haugen er ein god lokalitet for ein slik teltleir. Det ligg nær Storevatnet slik at transport av forsyningar inn, og transport av avfall ut att av verneområdet, er enkelt å få til.

Haugen og området rundt er eit område som forvaltninga kjenner godt, gjennom fleire synfaringar, turar og tiltak. Kunnskapsgrunnlaget er godt, nml § 8 er oppfylt. Einaste registreringane for sårbare artar som ein finn rundt Haugen på Naturbase, er villrein. Området rundt Storevatnet er sentralt i villreinen sitt leveområde, og vert særleg brukt frå kalvetida om våren og framover til og med jakta. Turen til folkehøgskulen skal skje 28.-29.august, ei tid på året når villrein ikkje er særleg sårbar. Teltleiren er derfor ikkje problematisk i høve til villreinen.

Villreinjakta startar 20. august. I Førdefjella villreinområde vert det normalt felt 10-20 dyr kvart år, og Gjengedalen er ofte utgangspunkt for jakta. Sopass tidleg i jakta vil det vere stor sjanse for at det vil vere jegerar i området. Teltleiren og jakta vil normalt ikkje kome i konflikt med kvarandre, men det kan vere greitt å vere klar over kvarandre. Folkehøgskulen bør vere klar over at det føregår jakt i området. Og jegerane bør vere klar over at det er ein heil folkehøgskule i jaktområdet.

So lenge vilkår i løyvet vert fylgt, so er det ikkje venta at teltleiren skal føre til skade på naturmiljøet. Skulle det derimot skje noko skade, so vil folkehøgskulen vere ansvarleg for å rette opp skade, eventuelt erstatning jamfør nml § 11. Nml § 9 er ikkje aktuell i denne saka.

Folkehøgskulen hadde tilsvarande løyve i 2018. Det er ikkje registrert negative verknader eller tilbakemeldingar etter det.

Kopi til:

Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
SNO Sandane			
Gjengedalen grunneigarlag			
Dag Bakketun			